



### ROXETTE MED NY SINGEL

Den svenske popduoen Roxette kjem med nytt album, **Good Karma**, 3. juni. Singelen «It Just Happens» som vart sleppt førre fredag, er ein ballade og går opp løypa for det tiande albumet deira, melder Musikknyheter på nett. I år er det 27 år sidan Marie Fredriksson og Per Gessle toppa billboardlista i USA og fekk verda til å lytte til singelen «The Look».

MCS

Foto: NTB Scanpix



PJ Harvey har gjeve ut ei av dei beste platene så langt i år. Pressefoto

## Arkivet: Den opne handa

For norske lesarar og lyttarar ligg alt til rette for ei fordjuping i *The Hollow of the Hand*, sidan Samlaget i fjor altså gav ut ei flott omsetjing til nynorsk ved Gunnhild Øyehaug og Pedro Carmona-Alvarez, *Den opne handa*. Boka inneheld òg PJ Harveys dikt i original utgåve. Ikkje minst bør interesserte merkje seg at også omsetjinga har ein viktig visuell kompo-

nent: Fotografia til Seamus Murphy representerer eit eige vitnesbyrd som går inn i ein fascinerande dialog med teksten. Særleg interessant er det at poesien og dokumentarfotografiet ofte deler eit blick for ein avgjerande detalj, for noko som ikkje slipper seg frå minnet så fort.

ØYVIND VÅGNES




Kabul, november 2002. Foto: Seamus Murphy (frå boka)

# KLASSISK

SJUR HAGA BRINGELAND sjurhbring@gmail.com

## Raskt i svingane

CD



JOSEPH HAYDN:  
**Piano Sonatas and Variations**

**Variations**

LARS HAUGBRO, KLAVER.  
LAWO 2016

Jamføringar: Alain Planes (Harmonia Mundi 2002/2009)

Det flottaste stykket på soloalbumet til Lars Haugbro, fyrsteamanuensis i klaver ved Noregs Musikkhøgskule, er kanskje *Klaversonate nr. 33 i c-moll*, som både i toneart og karakter er einestående for klaversonatane til Haydn. Haugbros styrke er dei langsame satsane, for måten han formar fram-

drifta retorisk på, med fleksibilitet i tempoet, gjer at tonane talar til oss, noko «andante con moto»-satsen i denne sonaten er eit godt døme på.

Men i somme av dei snøgg satsane har framføringa veiskapar. Artikulasjonen er stundom for upresis, til dømes i dei friske sekstandedelspassasjane i den avsluttande «allegro»-satsen, der somme einskiildtonar kverv heilt bort. Her har det dessutan (i slutten av repetisjonen av fyrste del) snike seg inn ein feil bassnote i ei viktig harmonisk vending – på konsert er ikkje slikt noko å hefta seg ved, men på CD bør rett vera rett.

SJUR HAGA BRINGELAND

Sjur Haga Bringeland er musiker og fast musikkmeldar i Dag og Tid.



Den austerriske komponisten Joseph Haydn (1732–1809).

## Cellistisk verdspremiere

CD



BERNHARD ROMBERG:  
**Cello Concertos 1 & 5**

DAVIT MELKONYAN, CELLO; DIE KÖLNER AKADEMIE; DIR.: MICHAEL ALEXANDER WILLENS. CPO 2016

I 1790-åra spela cellovirtuosen Bernhard Romberg regelfast strykekvartetter saman med Beethoven i Bonn. Ein anek-

dote seier at Beethoven tilbaud å komponera ein cellokonsert til han, men fekk dette til svar: «Takk, men nei takk. Eg spelar berre *eigne* komposisjonar.»

Med musikkhistorisk etterpåklokskap synest denne responsen temmeleg kjepphøg. Framtida hørde jo Beethoven til; i dag er Romberg gløymd. Men Romberg var på denne tida langt meir akta som utovar og komponist enn Beethoven. Og lyttar me til cellokonsertane, som no er spela inn på plate for fyrste gong,

slår me fast at han ikkje var nokon *dårleg* komponist, særleg når det gjeld tilverkinga av songlege melodiar. Som døme kan den vedunderlege midsatsen «andante grazioso» i *Cellokonsert nr. 5 i fiss-moll* tena, som her blir framført med intensivt lengtande bogestrok av den unge armenske cellisten Davit Melkonyan, som merkjer seg ut med klokkereine, vibratolause tonar i dei høgaste registrar til celloen.

SJUR HAGA BRINGELAND

## 17. mai i Frankfurt



GEORG PHILIPP TELEMANN:  
**The Grand Concertos for Mixed Instruments Vol. 3**

LA STAGIONE FRANKFURT; DIR.: MICHAEL SCHNEIDER. CPO 2016

Tredje CD i La Stagione Frankfurts forvitnelege serie med Georg Philipp Telemanns (1681–1767) storfelte gruppekonsertar med opp til seks soloinstrument i tillegg til strykarar, opnar med ein herleg pompøs konsert for paukar, trompetar, oboar og strykarar. Telemann skreiv han til ei 17. mai-feiring i Frankfurt i 1716;

dette var åremålsdagen til erkehertugen Ferdinand av Austerrike. La Stagione Frankfurt held her det same høge nivået i teknikk og tolking som på dei førre CD-ane i serien – særleg

vakkert gjord er den perlande galante tverrfloytekonserten som avsluttar albumet.

SJUR HAGA BRINGELAND



Barockensemblet La Stagione Frankfurt. Foto: CPO